



Stian Andre Raunehaug
Leknesvegen 111
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1562 - 18/36647

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
06.12.2018

Førebels svar - trong for tilleggskontroll - ny søknad - gbnr 195/71 Leiknes

Tiltak: bustad med garasje
Byggjestad: Gbnr: 195/71 Leknesvegen 35
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Stian Andre Raunehaug

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.06.2018.

Saka gjeld ny søknad om rammeløyve for oppføring av ein bustad i tre etasjar utan utleigedel og med tilhøyrande anlegg for veg- vatn og avløp. Dette innfattar etablering av slamavskiljar og påkopling på eksisterande utsleppsleidning til sjø tilhøyrande gbnr 195/13, etablering av ny avkøyrsel og tilkomstveg mot Fv. 391, oppføring av garasje, forstøtningsmur mot sjø og terrengoppfylling i form av steinfylling dekket med jord. Eigedomen er pr. dags dato etablert med ein fritidsbustad. Denne skal i følgje søknaden bli ståande på eigedomen.

Kommunen legg til grunn at det er ikkje kome inn nye opplysningar i saka som gjer at vi endrar vårt standpunkt om tiltaksklasse 2 for støttemuren i framkant mot sjø.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Fasadeteikningane i alle himmelretningar skal målsettast i sin heilhet for alle viste punkt, då teikningane er kun delvis målsatt.
2. Dersom det skal førast opp støttemurar, til dømes rundt garasje og bustad, så må desse synast på situasjonskart og målsettast. Plassering av forstøtningsmur mot naboar kan krevje naboerklæring, sjå SAK § 4-1 pkt. 6.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 20.12.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stian Andre Raunehaug

Leknesvegen 111 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Stian Andre Raunehaug

Leknesvegen 111 5915

HJELMÅS